

APEX AUTO AS
Haukanesvegen 91
5652 ÅRLAND

Trondheim, 31.08.2026

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2026/4183

Sakshandsamar:
Pål Foss Digre

Vedtak i klagesak om løyve til motorisert ferdsel på Sævildvatnet

Vi viser til klaga på vedtaket frå Statsforvaltaren i Vestland datert 16. mars 2026. Statsforvaltaren sende klagesaka over til oss 12. april 2026.

Vedtak

Miljødirektoratet stadfestar vedtaket frå Statsforvaltaren i Vestland.

Vedtaket er gjort etter forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 6 og forvaltningslova § 34 fjerde ledd og § 35.

De kan ikkje klage på vedtaket.

Bakgrunnen for saka

Apex Auto AS ved Yngve Tveiterås søkte 5. februar 2026 om løyve til motorferdsel på islagt vatn på Sævildvatnet i Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune i perioden 7. februar til 30. mars 2026. I søknaden skriv de at «Samnanger Motorsport klubb, og en rekke klubber og personer har stor interesse for tiltaket» og at «[f]ormålet med køyringa er kontrollert og avgrensa bruk av motorisert køyretøy på is, til øving og aktivitet i trygge rammer». De skriv òg at «[m]ålet er å tilrettelegge for at folk i alle aldre skal kunne øve seg på glatt kjøring under trygge forhold. Motorklubber som har nødvendige lisenser og kurs skal få prøve å trene på isen.» I feltet for «sjåfør» viser de til «liste over sjåførar 1». Vi forstår det slik at denne lista ikkje vart lagt ved søknaden.

På vegne av Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune trefte Bjørnafjorden landbrukskontor 7. februar 2026 vedtak om å gje dykk løyve til «øvingskøyring med motorisert køyretøy» på Sævildvatnet i perioden 7. februar til 30. mars 2026. Som heimel for vedtaket viser kommunane til motorferdslelova § 6. I grunngjevinga vurderer kommunen vilkåret i loven om at det skal ligge føre «særlege grunnar». Dei skriv at «[d]en særlege grunnen i saka er behovet for å gjennomføre øvingskøyring som del av organisert aktivitet, med klar ansvarleg tiltakshavar og vilkåra som avgrensar omfanget».

I brev av 16. februar 2026 varsla Statsforvaltaren i Vestland dykk om at dei vurderte å gjere om på vedtaket. I varselet viser dei til at søknader om køyring med motorkøyretøy på islagt vatn skal vurderast etter forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, og ikkje etter

motorferdslova § 6. Statsforvaltaren viste vidare til at det var tvilsamt om vilkåra for å gje dispensasjon etter forskrifta § 6 var oppfylte.

De kommenterte varselet i e-post av 17. februar 2026. I kommentaren peiker de på at hovudføremålet med aktiviteten er strukturert ferdigheits trening på glatt underlag for registrerte køyretøy, at det er eit sterkt avgrensa omfang av lisensierte motorsportførarar, at aktiviteten blir sterkt avgrensa av vêr og føre, og at han ikkje gir terrengskade. De tilbyr også å innsnevre aktiviteten til ti dagar.

Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune kommenterte varselet i brev frå Bjørnafjorden landbrukskontor av 27. februar 2026. I brevet skriv kommunane at dei tar til seg at rett heimel for vurderinga er motorferdsleforskrifta § 6 og ikkje motorferdslova § 6. Kommunane meiner likevel at vurderinga dei har gjort er tufta på dei same omsyna som forskrifta bygger på, som dei meiner er avgrensing, konkret vurdering og omsyn til naturmiljø og friluftsliv.

Statsforvaltaren i Vestland gjorde 16. mars 2026 vedtak etter forvaltingslova § 35 om å gjere om på vedtaket frå kommunane og å ikkje gje løyve. I vurderinga legg Statsforvaltaren til grunn at spørsmålet må avgjerast etter regelen i motorferdsleforskrifta § 6, og at vilkåra for å gje dispensasjon etter denne paragrafen ikkje er oppfylte. Statsforvaltaren viser både til at søknaden ikkje gjeld eit «unntakstilfelle» og til at de ikkje har påvist eit «særleg behov». Statsforvaltaren viser her til at alle sjåførar i Norge i utgangspunktet treng å øve på å køyre på glatt føre, og at denne trongen blir ivareteken i førarkortopplæringa. Det er ikkje vist til spesielle tilhøve som gjer at de har ei større trong til dette enn andre sjåførar.

Argumenta til klagaren

De klagar på vedtaket i e-post av 22. mars 2023. I e-posten skriv de at de meiner de at Statsforvaltaren har gjort ei for kategorisk vurdering av kva som er eit «særskilt behov». De skriv at tiltaket ikkje er alminneleg ferdigheits trening, men strukturert og organisert opplæring i handtering av krevjande vinterføre». De meiner slikt føre oppstår hyppig i dykkar region. De meiner vidare at eksisterande glattkøyringsbanar ikkje er tilgjengelege for denne typen aktivitet. De meiner derfor vilkåra for å gje løyve etter motorferdsleforskrifta § 6 er oppfylte. De peikar også fordelane ved tiltaket er store og ulempene små.

Merknader til klagar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren i Vestland har handsama saka på i tråd med kravet i forvaltningslova § 33. Dei har ikkje endra eller oppheva vedtaket sitt, og sendte difor sake til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

I oversendingsbrevet skriv Statsforvaltaren at dei ser at tiltaket isolert sett kan vere nyttig, men det er etter deira meining ikkje en aktivitet motorferdslereglane opnar for å gje dispensasjon for. Dei held vidare fast på at det på landsbasis vil vere mange grupper som ønskjer seg høve til å køyre på isete og glatt underlag og at det difor ikkje er snakk om eit unntakstilfelle slik forskrifta krev.

Vurderingane til Miljødirektoratet

Spørsmåla i saken og konklusjon

Statsforvaltaren i Vestland har gjort om vedtak frå Bjørnafjorden kommune om å gje dykk løyve til et avslag. Det første spørsmålet i saka her blir dermed om det finst rettsleg grunnlag til å gjere om på vedtaket frå kommunane. Dersom det finst eit rettsleg grunnlag for å gjere om på vedtaket, blir neste spørsmål om det er rett å gjere om vedtaket til eit avslag.

Miljødirektoratet er kome til at vedtaket frå Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune er ugyldige og at Statsforvaltaren dermed hadde rettsleg grunnlag for å gjere om vedtaket. Vi er vidare komne til at Statsforvaltaren gjorde rett i å gjere om vedtaket til eit avslag.

Kunne vedtaket gjerast om?

Utgangspunktet i norsk forvaltingsrett er at det krevst eit særleg rettsleg grunnlag for å gjere om på eit vedtak. Statsforvaltaren har i vedtaket sitt vist til forvaltingslova § 35 andre ledd, jf. første ledd bokstav c som rettsleg grunnlag for omgjeringa.

Etter forvaltingslova § 35 første ledd bokstav c kan eit forvaltingsorgan gjere om sitt eige vedtak, dersom det er ugyldig. Sjølv om loven seier at organet «kan» gjere om på vedtaket, er det lagt til grunn at det i utgangspunktet også kan ha ei plikt til å rette opp eit ugyldig vedtak, sjå Prop. L 79 (2024–2025) punkt 23.5.1. Der saka gjeld å fatte vedtak etter søknad om løyve, vil denne rettinga bestå i at organet gjer eit nytt og gyldig vedtak som svar på søknaden.

Etter forvaltningslova § 35 *andre ledd* kan også klageorganet gjere om ugyldige vedtak, når vedtaksorganet ikkje retter feilen sjølv.

Utgangspunktet i motorferdslelova § 3 er at motorferdsle i utmark og vassdrag er forbode, med mindre noko følger av lova eller av vedtak med heimel i lova. Kommunen kan berre gjere unntak frå dette forbodet der reglane opnar for det.

I vedtaket sitt gir kommunen løyve til køyring med «motorisert køyretøy». Ut frå samanhengen legg vi til grunn at dei her siktar til bilar. Som heimel for løyvet viser kommunane til regelen i motorferdslelova § 6 første ledd:

«Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven.»

Som det går fram av ordlyden gjer denne regelen kommunen heimel til å gje løyve til bruk av «motorfartøy», det vil si båtar og liknande, og «luftfartøy». Han gir derimot ikkje kommunen heimel til å gje løyve til bruk av *motorkøyretøy*, som bilar, motorsyklar og liknande.

At regelen i motorferdslelova § 6 ikkje skal gjelde for motorkøyretøy eit bevisst val lovgjevar har tatt. Då lova vart vedtatt i 1977 gjaldt § 6 også for motorkøyretøy, men dette omgrepet vart tatt ut av paragrafen ved ei lovending i 1988, samstundes som lova fekk ein ny § 4a som seier at løyve til bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagt vassdrag må følgje av forskrift gitt av departementet.

Det er dermed klart at kommunen ikkje hadde heimel for vedtaket i den regelen dei viste til og vurderte søknaden opp mot.

Vi meiner vidare at denne feilen klart kan ha verka inn på innhaldet i vedtaket kommunane gjorde. Vi viser her til at vilkåra for å gje løyve etter regelen i motorferdsleforskrifta § 6, som er den einaste som gjer kommunen moglegheit til å gje løyve til køyring med bil til anna enn utmarksnæring eller mineralleiting, ikkje er dei same som dei kommunen har vurdert når den vurderte søknaden opp mot motorferdslelova § 6.

Vi finn det klart at det at kommunane vurderte søknaden opp mot feil heimel gjorde vedtaket ugyldig. Når kommunane ikkje sjølv retta feilen då dei ble gjort merksam på han, legg vi då til grunn at Statsforvaltaren kunne gjere om på vedtaket.

Var det rett å gjere om vedtaket til eit avslag?

Når Statsforvaltaren som klageorgan gjer om på eit kommunalt vedtak etter forvaltingslova § 35, kan dei anten oppheve vedtaket og sende det attende til kommunen for ny handsaming, eller sjølv gjere eit nytt vedtak som avgjer saka. Kva alternativ som skal veljast, må avgjerast konkret i den einskilde saka.

I saka her, er vi einige med Statsforvaltaren i at forskrifta ikkje opnar for at kommunen gjer løyve. Vi er då også einige valet til Statsforvaltaren om å avgjere saka med å avslå søknaden dykkar.

Vilkåra som må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gje løyve etter motorferdsleforskrifta § 6 er at

- det er snakk om eit «unnatakstilfelle»
- søkaren påviser eit «særleg behov»
- behovet kan ikkje reknast som «turkøyning»
- behovet kan ikkje dekkast på ein anna måte enn ved køyring i utmark eller på islagd vassdrag

Det er snakk om rettslege vilkår som skal tolkast og brukast ut frå juridiske prinsipp. Det er altså ikkje opp til kommunens frie skjønsvurdering å avgjere om vilkåra er oppfylte eller ikkje. Er ikkje vilkåra oppfylte, må kommunen avslå søknaden. Er vilkåra oppfylte, er det derimot opp til kommunens forvaltningsskjøn å avgjere om søkaren skal få løyve eller ikkje, og kva vilkår dei eventuelt skal sette for løyvet.

Det behovet de har vist til som grunn for eit løyve er behov for opplæring i å handtere krevjande vinterføre. Sjølv om vi ser nytten i at sjåførar har god erfaring i å handtere glatt og krevjande føre, kan vi vanskeleg sjå at dette er eit særleg behov for dykk eller medlemmane i Samnanger motorsport klubb. Tvert i mot legg vi til grunn at dette er eit heilt alminneleg behov for sjåførar i Noreg, noko som også er grunn til at glattkøyning er ein del av den alminnelege førarkortopplæringa. Vi kan heller ikkje sjå at ver og klima i Bjørnafjorden kommune og Samnanger kommune skil seg så sterkt frå ver og klima andre stader i Norge at det tilseier folk i desse kommunane har eit «særskilt behov» for glattkøyringskompetanse. Vi legg vidare til grunn at behovet for slik kompetanse kan dekkast ved køyring på motorsportsbane. Vilkåret om at behovet ikkje kan dekkast på annan måte er dermed heller ikkje oppfylt.

Konklusjon

Ut frå det vi har kome til over, legg vi til grunn at Statsforvaltaren gjorde rett i å gjere om vedtaket frå kommunane til eit avslag. Vi stadfestar difor vedtaket til Statsforvaltaren.

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Ingunn Margrethe Limstrand
seksjonslederseksjonsleiar

Pål Foss Digre

seniorrådgjevar

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
SAMNANGER KOMMUNE

Njøsavegen 2
Postboks 24
Tyssevegen 217

6863 LEIKANGER
5649 EIKELANDSOSEN
5650 TYSSE

